

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
064/20	Formannskapet	PS	02.09.2020
061/20	Heradsstyret	PS	23.09.2020

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	20/1665

Fjordslottet AS - fornying av skjenkeløyvet for 2020 - 2024

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

"I medhald av alkohollova §§ 1-4a og b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2 og 4-4 vert det gjeve allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk, gruppe 1, 2 og 3, til Fjordslottet Hotell AS, org. nr. 921 991 002 for selskaps-/restaurantlokale, kjellarlokale og uteserveringsområdet.

Styrar Silje Steinestø Worren, f. 20.03.85 vert godkjent. Stedfortredar Per Erik Myking, f. 02.09.72, vert godkjend med forutsetning om bestått kunnskapsprøve for skjenkebevilgning innan 01.10.2020.

Type verksemd: Hotell og restaurant.

Skjenketid alkohol gruppe 1 og 2:

kl. 08.00 – kl. 02.00

Skjenketid alkohol gruppe 3(drikk som

inneheld mellom 22 og 60% alkohol):

kl. 13.00 – kl. 01.00

Fredag/laurdag vert det gitt utvida skjenketid til kl. 02.00 for alkohol i gruppe 1, 2 og 3. Dette gjeld berre for gjestar i slutta selskap, jfr. Alkohollova § 4-2, 2. ledd.

Vidare vert det gjeve allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk på avskjerma uteområde.

Skjenketid for uteservering alkohol gruppe 1 og 2: kl. 10.00 – kl. 01.00

Alkohol gruppe 3 (drikk som inneheld

mellom 22 og 60% alkohol):

kl. 13.00 – kl. 01.00

For skjenking til overnattingsgjester gjeld alkohollova § 4-4, 7.ledd. Skjenking til overnattingsgjester utanom fastsett skjenketid må skiljast frå anna skjenking. Romservering og minibar er omfatta. Dette omfattar ikkje for alkoholgruppe 3.

Skjenkeløyveperiode: 01.10.2020 – 30.09.2024.

Det vert i medhald av serveringslova § 3 gitt serveringsløyve til Fjordslottet Hotell AS, org. nr. 921 991 001 for Fjordslottet hotell. Som dagleg leiar vert Silje S. Worren godkjend.”

Formannskapet - 064/20

FS - behandling:

Skjenketider:

Formannskapet viste til fleirtalsinnstillinga i sak 062/20, og slutta seg samrøystes til å gje tilråding til heradsstyret i samsvar med dette.

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framleitt vart samrøystes tilrådd

FS - vedtak:

”I medhald av alkohollova §§ 1-4a og b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2 og 4-4 vert det gjeve allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk, gruppe 1, 2 og 3, til Fjordslottet Hotell AS, org. nr. 921 991 002 for selskaps-/restaurantlokale, kjellarlokale og uteserveringsområdet.

Styrrar Silje Steinestø Worren, f. 20.03.85 vert godkjent. Stedfortredar Per Erik Myking, f. 02.09.72, vert godkjend med forutsetning om bestått kunnskapsprøve for skjenkebevilling innan 01.10.2020.

Type verksemd: Hotell og restaurant.

Skjenketid alkohol gruppe 1 og 2:

kl. 08.00 – kl. 01.00

Skjenketid alkohol gruppe 3 (drikk som inneheld mellom 22 og 60% alkohol):

kl. 13.00 – kl. 01.00

Fredag/laurdag vert det gitt utvida skjenketid til kl. 02.00 for alkohol i gruppe 1, 2 og 3. Dette gjeld berre for gjestar i slutta selskap, jfr. Alkohollova § 4-2, 2. ledd.

Vidare vert det gjeve allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk på avskjerma uteområde.

Skjenketid for uteservering alkohol gruppe 1 og 2: kl. 10.00 – kl. 01.00

Alkohol gruppe 3 (drikk som inneheld mellom 22 og 60% alkohol):

kl. 13.00 – kl. 01.00

For skjenking til overnattingsgjestar gjeld alkohollova § 4-4, 7. ledd. Skjenking til overnattingsgjestar utanom fastsett skjenketid må skiljast frå anna skjenking. Romservering og minibar er omfatta. Dette omfattar ikkje for alkoholgruppe 3.

Skjenkeløyveperiode: 01.10.2020 – 30.09.2024.

Det vert i medhald av serveringslova § 3 gitt serveringsløyve til Fjordslottet Hotell AS, org. nr. 921 991 001 for Fjordslottet hotell. Som dagleg leiar vert Silje S. Worren godkjend.”

Heradsstyret - 061/20

HS - behandling:

AVRØYSTING

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteken

HS - vedtak:

”I medhald av alkohollova §§ 1-4a og b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2 og 4-4 vert det gjeve allment

skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk, gruppe 1, 2 og 3, til Fjordslottet Hotell AS, org. nr. 921 991 002 for selskaps-/restaurantlokale, kjellarlokale og uteserveringsområdet.

Styrar Silje Steinestø Worren, f. 20.03.85 vert godkjent. Stedfortredar Per Erik Myking, f. 02.09.72, vert godkjend med forutsetning om bestått kunnskapsprøve for skjenkebevilling innan 01.10.2020.

Type verksemd: Hotell og restaurant.

Skjenketid alkohol gruppe 1 og 2:

kl. 08.00 – kl. 01.00

Skjenketid alkohol gruppe 3 (drikk som inneheld mellom 22 og 60% alkohol):

kl. 13.00 – kl. 01.00

Fredag/laurdag vert det gitt utvida skjenketid til kl. 02.00 for alkohol i gruppe 1, 2 og 3. Dette gjeld berre for gjestar i slutta selskap, jfr. Alkohollova § 4-2, 2. ledd.

Vidare vert det gjeve allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk på avskjerma uteområde.

Skjenketid for uteservering alkohol gruppe 1 og 2: kl. 10.00 – kl. 01.00

Alkohol gruppe 3 (drikk som inneheld mellom 22 og 60% alkohol):

kl. 13.00 – kl. 01.00

For skjenking til overnattingsgjestar gjeld alkohollova § 4-4, 7. ledd. Skjenking til overnattingsgjestar utanom fastsett skjenketid må skiljast frå anna skjenking. Romservering og

minibar er omfatta. Dette omfattar ikkje for alkoholgruppe 3.

Skjenkeløyveperiode: 01.10.2020 – 30.09.2024.

Det vert i medhald av serveringslova § 3 gitt serveringsløyve til Fjordslottet Hotell AS, org. nr. 921 991 001 for Fjordslottet hotell. Som dagleg leiar vert Silje S. Worren godkjend.”

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Gjeldande løyveperiode går ut 30. september og Fjordslottet AS, v/ Silje S. Worren, org. nr. 921 991 002 har søkt om fornya skjenkeløyve for ny periode frå 01.10.2020. Det vert søkt om godkjenning av Silje Worren og Per Erik Myking som h.v. ny styrar og stedfortredar.

Det vert søkt om å halda fram drifta på etter same driftskonsept som før. Fjordslottet AS har som hotell ei anna drift enn dei andre skjenkestadene, der julebord, bryllaup og andre arrangement i helgene utgjer ein større del av drifta. Heradsstyret har difor tidlegare vedteke å gje utvida skjenketid til kl. 02.00 fredagar og laurdagar for gjestar i slutta selskap.

Søknaden er sendt politiet og NAV sosial for eventuelle merknader.

Hovudregelen i alkohollova er at skjenkeløyve for alkohol vert gitt for inntil fire år og opphøyr seinast 30. september etter at nytt kommunestyre tiltrer. Lova opnar for at kommunen kan vedta vidareføring av alle sals- og skjenkeløyve for nye fire år. Kommunen kan og fastsetja retningsliner for kva løyve som må fornyast og kva som kan vidareførast. Føresetnaden for eit slikt vedtak er at kommunen først har gjennomgått alkohol- og løyvepolitikken.

Heradsstyret har ikkje vedteke ein ny praksis i h.t. fornying av sals- og skjenkeløyve, og dermed er løyveperioden fortsatt på fire år, og med ny handsaming etter kvart kommunestyreval.

Vurdering

Fjordslottet hotell er eit viktig tilbod for innbyggjarar i kommunen og tilreisande til kommunen.

Rådmannen kjenner så langt ikkje til tilhøve som tilseier avslag på søknaden, og ein vil difor tilrå fornying i samsvar med søknad. I rådmannen si tilråding er skjenke- og opningstider fastsette i samsvar med ny alkoholpolitisk handlingsplan slik ein har oppfatta fleirtallet i heradsstyret. Ein har difor lagt fram vedtak om skjenketid inntil kl 02:00 for inneservering, og innvilger difor ønskje frå verksemda.

Hovudregelen i alkoholhollova er at sals- og skjenkeløyve for alkohol vert gitt for inntil 4 år og med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer. Lova opnar for at kommunen

kan vedta vidareføring av alle sals- og skjenkeløyve for nye 4 år. Kommunen kan og fastsetja retningsliner for kva løyve som må fornyast og kva som kan vidareførast. Føresetnaden for dette er at kommunen først har gjennomgått alkohol- og løyvepolitikken.

Rådmannen vil ikkje foreslå ein ny praksis i h.t. fornying av sals- og skjenkeløyve, men at ein fortsatt held fast ved løyveperiodar på 4 år, og med handsaming etter kvart kommunestyreval.

Folkehelse	-	søknaden inneber ingen endring i h.t. dagens drift
Miljø	-	søknaden inneber ingen endring i h.t. dagens drift
Økonomi	-	ikkje vurdert

Konklusjon

Saka vert lagt fram til handsaming med tilråding om gje skjenke- og serveringsløyve.